

Alver kommune
Byggesak

Eikangervåg 21/02-2022

Tilleggsopplysningar i sak 22/362 – gbnr. 10/16 Rødland

Me viser til dykkar brev av 09/02-2022 der de ber om tilleggsopplysningar og svarar ut her;

1. Takvinkel er angitt på innsendte teikningar. Den finn de markert med påskrift i toppmøne på snittet som er vist i vedlegg E02 og E04.
2. Vi har vore i dialog med NGIR om dette og dei stiller seg undrande til kravet om renovasjonsteknisk plan godkjent av dei. NGIR har ingen godkjenningssmynde ifølge seg sjølv og meiner det ligg til kommunen, forøvrig er dei heller ikkje kjent med begrepet renovasjonsteknisk plan og korleis den skal sjå ut. Dei gjer uttale og hjelp til dimensjonering av avfallsløysing, men altså ingen godkjenning. Deira rolle opp mot plan- og byggesak, også dette ifølge seg sjølv, er under utarbeiding av reguleringsplanen og dei har ikkje tidlegare sett eller tatt stilling til begrepa brukt her.

I mangel på «gode alternativ» for å komme vidare i saka som følgje av dette noko uklare kravet, har vi utarbeide ein enkel renovasjonsteknisk plan og oversendt til NGIR. Dei har så gitt sin uttale til denne og bidratt med dimensjonering av avfallskapasitet.

Denne planen er vedlagt her saman med NGIR sin uttale. (Q03) Dette må etter vår syn vera tilstrekkeleg til at saka kan handsamast all den tid NGIR sjølv ikkje kjenner til eller forstår begrepet i teksten og heller ikkje har fått tildelt mynde til godkjenning frå sine eigarar som er kommunane i regionen.

3. Saka gjeldt oppføring av naust og det skal ikkje vera innlagt vatn. Det er kryssa nei på alle punkt under dette kapitelet i søknaden men me ser no at det nye digitale søknadsprogrammet likevel har lagt på teksten «*privat avløp*» bak det eine punktet og at det derfor kan ha blitt uklart. Me skal prøva å vera oppmerksom på dette slik at dette vert presisert i følgebrev fram til systemleverandøren har korrigert feilen.

Me stiller oss - iallfall delvis - litt undrande til spørsmåla som vert stilt her då det etter vårt skjønn skal vera ganske kurant å finne desse opplysningane i saka og / eller dei i prinsippet er, eller i alle fall burde vore, avklart på planstadiet.

Formuleringar som vert del av ein reguleringsplan bør avklarast med aktuelle partar på planstadiet slik at ein ikkje står igjen med ein situasjon som dette, dei andre forholda her ser vi som avklart i utgangspunktet med unntak av ein uheldig feil i programmet i kapitelet om avløp. Sjølv om det like over er angitt av det ikkje skal leggjast inn vatn ser vi at teksten her kan vera egna til å skapa usikkerheit rundt dette.

Me vonar saka no er tilstrekkeleg klargjort og opplyst, ta gjerne kontakt på telefon eller e-post dersom det trengst avklaring omkring noko av dette.

Med vennleg helsing



Lars A. Hagesæter

☎ : 45 20 18 19

KÅLÅS BYGG AS

Tlf: 56 35 33 70 – www.kalasbygg.no

